

Notat

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 17.01.2010
Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen
Sakshandsamar: Leif Johan Røthe
Saka gjeld: **Arbeidsintensive investerings- og vedlikeholdstiltak i 2009 - regjeringa si tiltakspakke - prosjektrapport per 14.01. 2010**

Styresak 003/10 O

Styremøte 03.02. 2010

Administrerende direktør si orientering pkt 4

Prosjektrapport for tiltaka i Helse Vest RHF.

Prosjektstatus pr. 14.01.2010

Prosjekt nr.	Prosjekt namn	Prosjekteigar	Prosjektleder RHF
Sjå vedlagt oppstilling over prosjekt porteføljen	Ekstraordinære tiltak som følgje av finanskrisa	Hels Vest RHF Føretaksgruppa	Leif Johan Røthe

Formål med prosjektet:

Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) har tildelt 188 mill. kroner som tilskot i samband med finanskrisa. Tiltaka som er meldt inn frå føretaka er prosjekt som har meir enn 50% byggfagarbeid og som ikkje var ein del av det planlagde vedlikeholdet for 2009. Tildelinga er basert på dei innmelde tiltaka som blei behandla av styret i Helse Vest RHF i sak 018/09 den 17. februar 2009.

Gjennomføring:

Tiltaksmidlar er tildelt dei fire sjukehusføretaka og to private ideelle sjukehus, Haraldsplass Diakonale sjukehus (HDS) og Haugesund Sanitetsforenings Revmatiskesjukehus (HSR). Helseføretaka/dei private sjukehusa er sjølve ansvarlege for gjennomføring av prosjekta. Tiltaka skal vere gjennomført i løpet av 2009, og det er oppnemnd ein byggherreprosjektleder (BPL) som har ansvar for prosjektgjennomføringa for kvar juridisk eining.

Framdriftsrapportering

Alle tiltaka er lagt inn i Microsoft Project prosjektrapporteringssystem (sjå vedlegg). Framdrifta blir rapportert kvar månad, med "*cut of date*" den 30. Framdriftsrapporteringa er basert på fysisk framdrift med aktivitetar vist i aktivitetsplanen.

Framdrifta per denne rapporteringa er i samsvar med plan. Status for føretaka er som følgjer:

- Helse Bergen melder at alle prosjekta er ferdigstilt, men at det gjenstår noko på endeleg dokumentasjon og fakturering.
- Helse Fonna melder at prosjektet er ferdig, men at det gjenstår noko på dokumentasjon. Det er samstundes rapportert at uføresette kostnader har ført til eit overforbruk på kr 4,5 mill.
- Helse Stavanger rapporterar at prosjekt knytt til MOBA er i tråd med plan. Isolata og intensiv er ferdig. For dei resterande prosjekta gjenstår mindre arbeider.

- Helse Førde er ferdige med sine prosjekt med unntak for Tronvik. Med bakgrunn i asbestfunna blir dette prosjektet forsinka med 1,5 månad. Det er forventa at areala vil vere innflyttingsklare i veke 7. Kostnadane ved asbesteksponeringa utgjer ca kr 800.000,-.
- Haugesund Sanitetsforenings Revmatismesjukehus og Haraldsplass Diakonale sjukehus har begge ferdigstilt sine prosjekt.

Økonomirapportering

Alle tiltak har fått eit eige prosjektnummer frå Helse Vest RHF som blir nytta som gjennomgåande referanse, frå bestilling til fakturert og gjennomført.

Oversikten under er oppdatert pr dato. For denne perioden er ikkje Stavanger eksklusiv MOBA, Helse Bergen og Helse Førde medtatt. Godkjent forbruk per denne rapporteringa er summert til kr. 48.243.087,-. Totalt godkjente prosjektkostnadar per dato er kr 141.707.267,-.

Prosjektportefølge

Prosjekt nr.	Foretak / Private Ideelle	Prosjekt navn	Totalkostnad	Påløpt tidligere	Påløpt denne måned Desember	Totalt fakturert
610010	Stavanger	T1a, MOBA 3 etasje innredning av Isolater	20 000 000	4 859 144	9 858 526	14 717 670
610010	Stavanger	T1b, MOBA 3 etasje innredning av Intensiv avdeling.	20 000 000	16 163 876	-	16 163 876
610020	Stavanger	T2 Ventilasjon innregulering Sydbygget Fase I	1 500 000	33 677	-	33 677
610030	Stavanger	T3 Ventilasjon Lassa rehab	3 500 000	4 717 656	-	4 717 656
610040	Stavanger	T4 Internat 6 etasje Rehabilitering	4 000 000	2 705 911	-	2 705 911
610050	Stavanger	T5 Tilpasning sengeposter	9 000 000	4 565 787	-	4 565 787
620010	Fonna	T1 Oppgradering Stord Sjukehus Trinn I	26 000 000	25 616 541	383 458	25 999 999
630010	Bergen	T1 Forsert rehab gamle hovedbygning	5 000 000	660 060	4 535 205	5 195 265
630020	Bergen	T2 Skifte yttertak	1 500 000	1 913 191	(158 464)	1 754 728
630030	Bergen	T3 Rehab innv. /utv. av flere bygg på gården Floen	2 000 000	2 013 006	483 611	2 496 617
630040	Bergen	T4 Brannteknisk oppgrad gamle hovedbygg	10 000 000	135 319	2 506 738	2 642 057
630050	Bergen	T5 Utskifte vinduer fasade og yttertak Voss	1 300 000	1 279 926	29 424	1 309 350
630060	Bergen	T6 Brann teknisk oppgrad Dr. Martens	1 400 000	1 282 662	-	1 282 662
630070	Bergen	T7 Brannteknisk oppgradering Sengekorsset	2 000 000	122 153	2 105 356	2 227 509
630080	Bergen	T8 Forsering utskifte lysarmatur	5 000 000	4 192 612	2 261 179	6 453 791
630090	Bergen	T9 IKT datakabling renovering modernisering	2 500 000	962 968	1 209 117	2 172 085
630100	Bergen	T10 Sandviken etablering av Akutt ruspost	2 000 000	195 278	1 868 157	2 063 435
630110	Bergen	T11 Sentraloperasjon utbedringer, sluser, økt kapasitet	7 000 000	27 469	2 735 187	2 762 656
630120	Bergen	T12 Gamle hovedbygg, nevrolog tilrettelegging	8 000 000	450 338	5 682 821	6 133 159
630130	Bergen	T13 Gangbro fra SB til Amager Hansen hus	8 000 000	165 801	4 918 297	5 084 098
630140	Bergen	T14 Riving av hud bygget, tilrettelegging av nye arealer	15 000 000	19 301	8 803 927	8 823 228
640010	Førde	T1 Lærdal Brannoppgradering	11 500 000	11 517 967	-	11 517 967
640020	Førde	T2 Oppgradering Tronvik	9 000 000	1 669 837	-	1 669 837
640030	Førde	T3 Vedlikeholdsprosjekt 3	5 800 000	3 044 501	-	3 044 501
650110	Haraldsplass	T1 Haraldsplass Ombygging eks. bygg	4 000 000	2 999 602	1 020 398	4 020 000
650210	HSR	T2 HSR Rehabilitering eks. bygg	3 000 000	2 148 697	1 050	2 149 747
Totalsum			188 000 000	93 463 280	48 243 987	141 707 267

Kritriske faktorar

Det er framleis eit visst etterslep på økonomisk innrapportering samanlikna med innrapportert fysisk framdrift. Denne rapporteringa inneheld ingen kritriske faktorar.